

RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLODato: 19.02.2018  
Vår ref.: 2014/19846-9  
Saksbehandlar: erlhofs  
Dykkar ref.:

## Oversending av forslag til fredingsvedtak for butikklokalet til Reimers & Søns eff., Bergen kommune

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga sender med dette forslaget om freding av lokalet til den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns eff., Olav Kyrres gate 1 i Bergen, til Riksantikvaren.

Fredingsforslaget vart sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn 29. august 2014. Det kom inn ei høyringsfråsegn. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde 20. november 2014 følgjande vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til freding av lokalet til tobakksbutikken Reimers & Søns eff.»

Fredingsforslaget og innkomne merknader vart sendt Bergen kommune for andre gongs høyring i brev av 7. januar 2015. Bergen bystyre handsama saka 21. oktober 2015 og vedtok følgjande høyringsfråsegn: «Bergen kommune støtter Hordaland fylkeskommunes forslag til fredning av den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns eff, gnr. 166 bnr. 633, del av byggnr. 9497811.»

Høyringsfråsegnene gir soleis ikkje grunn til endringar i fredingsforslaget. Eigaren av lokalet, Galleriet kjøpesenter AS, har ikkje sendt inn merknader ved oppstart eller høyring. På førespurnad om eigar hadde nokre kommentarar eller innvendingar før saka vart oversendt Riksantikvaren, fekk fylkeskommunen følgjande svar i e-post sendt 1. februar 2018:

*Fredning av interiøret i Kaffelade setter store begrensninger for utleie av lokalet, dens utnyttelse, og valg av aktører og bransjer. Disse begrensningene vil kunne vanskeliggjøre fremtidig utleie av lokalet, og utgjør en reell fare for at lokalet på et tidspunkt blir stående tomt, over kortere eller lengre perioder. Konsekvensen av et tomt lokalet utgjør selvsagt en økonomisk risiko, men er også negativt for senteret for øvrig.*

*Det er ønskelig at vedlikeholdsansvaret i større grad faller på Fylkeskonservatoren eller at man har en garanti for økonomisk støtte fra kommunen enn den fordelingen som det nå legges opp til.*

Fylkeskommunen ser at fredinga set nokre avgrensingar for bruk og innreiing av lokalet, men held fast ved at desse ikkje er store nok til at fredinga bør falla bort eller reduserast i omfang. Vi viser elles til avveinga mellom kulturminneverdiar og bruksomsyn som Riksantikvaren gjorde i handsaminga av klagen på den mellombelse fredinga frå 2003. Fredinga av butikkdisken midt i lokalet vart då oppheva, for å gjera det meir tenleg for dagens bruk. Når det gjeld økonomisk støtte, viser vi til at private eigarar av freda nyare tids kulturminne kan søka om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeid.

I samråd med fylkeskommunen vart det i 2015 gjort nokre mindre endringar i butikklokalet. Det er difor gjort nokre justeringar av kulturminneskildringa i fredingsforslaget, og kulturminnedokumentasjonen er oppdatert tilsvarande samt med nye foto, samanlikna med den versjonen som vart sendt på høyring.

For redigerbare versjonar (word-format) av fredingsforslaget og dokumentasjonsrapporten, ber me Riksantikvaren kontakta vår sakshandsamar [erlend.hofstad@hfk.no](mailto:erlend.hofstad@hfk.no).

Skulle det vera ytterlegare kommentarar til forslaget til fredingsvedtak, kan desse rettast til Riksantikvaren.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
BERGEN KOMMUNE  
GALLERIET KJØPESENTER AS  
KAFFELADE GALLERIET AS

Vedlegg

- 1 Forslag til fredingsvedtak
- 2 Kulturminnedokumentasjon
- 3 Høyringsmerknad fylkesutvalet i Hordaland
- 4 Høyringsmerknad Bergen bystyre